

Saksbehandlar: Jan Tore Rosenlund, Bygg og Eigedomsavdelinga/
Inge Horstad, Samferdsleavdelinga

Sak nr.: 18/6333-1

Ny kollektivterminal for buss og båt på Fugleskjærskai - intensjonsavtale

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsel til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Intensjonsavtala om ny kollektivterminal for buss og båt på Fugleskjærskai i Florø vert godkjent slik den ligg føre.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere intensjonsavtala.

Vedlegg:

Intensjonsavtala om ny kollektivterminal på Fugleskjærskai

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Det vert arbeidd med å etablere ein ny skystasjon for buss og båt på Fugleskjærskai i Florø. Prosjektet har no nådd ein milepæl der detaljprosjektering kan starte og prisar for byggjearbeid kan hentast inn.

Vi må få avklart om fylkeskommunen skal gå vidare med planane saman med Flora hamn. Det er laga framlegg til intensjonsavtala som regulerer vegen vidare.

2. Bakgrunn for saka

Flora kommune, Flora Hamn og Sogn og Fjordane fylkeskommune har dei siste åra arbeidd for å etablere ein ny og felles skystasjon på Fugleskjærskai i Florø. Det er i dag to skystasjonar i Florø, ein for buss og ein for båt. Desse ligg om lag 200 meter frå kvarandre.

Dagens rutebilstasjon er i privat eige og Flora kommune har regulert dette området til andre formål. Leigeavtala fylkeskommunen har for rutebilstasjon i Florø gjeld derfor inntil vidare.

Dagens løysing med todelt kollektivknutepunkt i Florø sentrum er ikkje optimal. Vidare er det utfordringar med dagens løysing på Fugleskjærskai knytt til trafikktryggleik.

Arbeidet med å etablere ein ny felles skystasjon for buss og båt på Fugleskjærskai er no kome til ein milepæl. Skissene til utforming er på plass og rammene for framtidig leigeforhold er definert.

Neste fase er at Flora hamn må detaljprosjektere og hente inn prisar på bygging. Dette er ressurs-krevjande prosessar. Det er behov for at partane forpliktar seg på eit nivå som står i forhold til dette før ein går vidare.

Det vert i denne saka lagt fram ei intensjonsavtala som skal regulere vegen fram mot ei endeleg leigeavtala og bygging av ein ny felles skystasjon for buss og båt på Fugleskjærskai.

2.1 Dagens situasjon

Fugleskjærskai

Flora hamn eig og driftar kai som ligg i enden av riksveg 5. Kai tener som passasjerterminal for lokale hurtigbåtar og ekspressbåtane på Bergen. Lokalbåtane er gods- og bilførande og disponerer to bilbruer. I tillegg er taxibåt, ambulansbåt og hurtigruta brukarar av kai. I den vestre delen av kai er det ein godsterminal. Bussrutene som har kopling mot båtrutene går nedom kai.

Mange trafikantgrupper/funksjonar deler på det same arealet. Trafikkløysingane er ikkje optimale. Det er eit stort behov for å organisere trafikken på kai slik at tryggleiken vert betre og funksjonaliteten for ulike brukargrupper vert tilfredstillande. Årleg reiser om lag 190 000 passasjerar over Fugleskjærskai.

Florø rutebilstasjon

Florø rutebilstasjon er lokalisert 200 meter rett sør for Fugleskjærskai. Fylkeskommunen leiger venterom, pauserom for sjåførar, toalett, oppstillingsplass for rutebussane og nokre parkeringsplassar.

Vi har ikkje eit nøyaktig tal for kor mange reisande som nyttar rutebilstasjonen fordi Bybussen nyttar sonetakst og ikkje registrerar kva haldeplass dei reisande innanfor sona nyttar. I arbeidet med ny kollektivterminal i Florø er det lagt til grunn om lag 100 000 reisande årleg. Dette talet er berekna utifrå dei reisande på ordinære ruter som er registrert av- eller påstigande ved Florø rutebilstasjon. I tillegg er det teke med ein del av dei som reiser med Bybussen.

Fylkeskommunen leiger ikkje plass for nattparkering av bussar, vaskehall og fasilitetar knytt til stasjonering av menneskap og materiell. Dette ansvaret er lagt til operatørane i dagens kjøpsavtalar for bussruter.

Florø rutebilstasjon er godt tilrettelagt for rutebil drift og fyller isolert sett dei minimumsbehova fylkeskommunen har til formålet. Sidan området er regulert til andre formål og vår leigeavtale er på oppseiing er ikkje denne terminalen eit alternativ for framtida.

Planlagt løysing

Sogn og Fjordane fylkeskommune, Flora kommune og Flora hamn har vore i drøftingar om eit nytt felles kollektivknutepunkt i Florø sidan 2011. Fylkeskommunen har meldt inn sine behov for å kunne utvikle ei hensiktsmessig rutedrift. Tal perrongar, parkeringsplassar, sykkelparkering, trafikkløysingar, universell utforming, arealbehov til ulike formål, venterom, sjåførrom osv. har vore grundig drøfta.

Fugleskjærskai er avgrensa i areal. Det er mange trafikantgrupper som skal ha plass. Utfordringa for planleggarane har vore å finne løysingar som varetek funksjonalitet, trafiktryggleik, universell utforming og økonomi. Løysingane har vore vurdert og tilpassa mange gonger. Operatørane som brukar kai i dag har blitt presentert ulike forslag til løysingar og har gjeve tilbakemeldingar ved fleire høve.

2.2 Økonomi

Kostnadskalkyla som ligg til grunn for prosjektet er eit overslag med utgangspunkt i planlagt løysing og kalkulerte prisar i marknaden. Årskostnaden for dei areala dei fylkeskommunale rutene skal svare for er berekna til om lag 900 000,- kr/år. Variable kostnader er ikkje med i reknestykka då desse vert gjort opp etter rekning, t.d. straum og snørydding.

Vi har ikkje direkte samanliknbare skysstasjonar i Sogn og Fjordane. Rutebilstasjonane fylkeskommunen leiger er etablerte, eldre anlegg. Rutebilstasjonane har dessutan færre funksjonar å ivareta, sidan Fugleskjærskai skal handtere både buss, båt, bilar og gods. Kalkyleprisane pr. kvadratmeter i nybygget ligg om lag 60 % over prisnivået t.d. i Førde og Sogndal. Tilsvarende er prisane for utearealet om lag 20 % høgare pr. m².

Nyanlegget i Florø vil verte arealeffektivt og vil tene langt fleire funksjonar enn rutebilstasjonane fylkeskommunen leiger elles i fylket. Sidan leigearealet er mindre enn i Førde og Sogndal, vert årsløysinga samla om lag 20 % høgare enn nivået i Førde og Sogndal.

I dagens avtaler ligg delar av dei variable kostnadane inkl. i leigeprisane. I ein ev. ny avtale kan dette verte annleis og vi kan difor ikkje direkte samanlikne kostnadane. Fylkesrådmannen vurderer det likevel slik at den samla kostnaden knytt til ein ny skysstasjon for dei fylkeskommunale buss- og båtrutene på Fugleskjærskai vil vere om lag den same som vi har i dag, med to skysstasjonar.

Det er knytt ein viss økonomisk usikkerhet til utbygger sine kalkylar på dette stadiet i prosjektet. Det er til slutt marknaden som bestemmer kva prisar Flora Hamn får inn på byggearbeidet. Vidare kan det verte justeringar i prosjektet.

2.3 Intensjonsavtala

Prosessen med å planlegge ein ny felles skysstasjon for buss og båt har no nådd ein milepæl der det er behov for å avklare om arbeidet skal fullførast eller ikkje.

Skissene til den nye skysstasjonen er ferdige og dei økonomiske kalkylane er laga. Rammeverket for ei framtidig leigeavtale er difor i stor grad planlagt. Størrelsen på alle areal utandørs og kva partar som skal betale for dei ulike areala er definert. Nokre areal har fleire brukarar, andelen kvar part skal betale er og stipulert.

Lokalbåtane og dei reisande betalar i dag vederlag for å anløpe kaia. I intensjonsavtala vert det lagt opp til at alle kostnader/inntekter knytt til kaia for buss og båtrotene skal regulerast gjennom den endelege leigeavtala. Dette for å gi fylkeskommunen føreseielege utgifter, samt sikre ei balansert regulering av prisane gitt utviklinga av ulike kostnadskomponentar.

Ved tilslutning til intensjonsavtala er det klart for at Flora hamn kan prosjektere ferdig og hente inn entreprisar på arbeidet. Når det er gjort, vil partane setje seg saman og utforme det endelege avtaledokumentet før byggearbeidet tek til. Det vert lagt opp til at også endeleg leigeavtale skal opp til politisk handsaming.

3. Vurderingar og konsekvensar

Eksisterande rutebilstasjon i Florø er regulert til andre formål og dagens leigeavtale er under oppseiing. Stasjonen er soleis ikkje ein del av den framtidige løysinga for kollektivtrafikken i Florø. Det er ikkje andre gode og aktuelle areal i Florø sentrum. Vi har soleis reelt valet mellom å flytte bussane ned på kaia eller å plukke opp reisande langs haldeplassane i gatene.

Fugleskjærskai har stort behov for ei oppgradering. Det er i dag skuleborn, godstrafikk, biltrafikk og bussar inne på eit trongt område med behov for betre trafikk-løysingar. Uavhengig av rutebilstasjonen må det gjerast noko på kaia.

Fylkesrådmannen meiner at dei skisserte løysingane som er framlagt i intensjonsavtala vil stette behova som dei reisande har for ein tenleg og trygg skysstasjon innafor dei tilgjengelege fysiske rammene. Stasjonen vil vere tidsriktig og tiltalende for dei reisande. Ei samlokalisering av dagens to skysstasjonar vert vurdert å vere ein fordel for alle dei reisande som vil nytte det nye anlegget.

Kostnaden knytt til ny skysstasjon for dei fylkeskommunale buss- og båtrotene vil verte om lag den same som vi har i dag med to skysstasjonar.

Det er økonomisk risiko knytt til å gjennomføre prosjektet. Utbygger kan oppleve at entreprisane vert dyrare enn kalkulert. Det kan verte behov for korreksjonar i planane. Prosjektet føreset og at andre leigetakarar skal inn og utleigemarknaden skiftar. Fylkesrådmannen vurderer ikkje den økonomiske risikoen til å vere større enn vanleg i den fasen prosjektet er no. Men viss prosjektet skulle verte dyrare enn kalkulert, vil det vere lite rom for fylkeskommunen til å finansiere det.

Fylkesrådmannen meiner at intensjonsavtala slik den ligg føre regulerer ansvar og framdrifta i det vidare arbeidet på ein hensiktsmessig måte. Detaljprosjektering og innhenting av entreprisar er både arbeidskrevjande og dyrt. Det er difor rett å forplikte begge partar på eit nivå som står i høve til dette. Intensjonsavtala dannar eit godt grunnlag for ei endeleg avtale der rammeverket er fastlagt.

4. Konklusjon

Intensjonsavtala legg føringar for begge partar om å arbeide vidare med konkretisering av ein ny skysstasjon på Fugleskjærskai. Skissene for den nye stasjonen er ferdige og det grove rammeverket for framtidig leigeforhold er definert i intensjonsavtalen. Fylkesrådmannen rår til å signere intensjonsavtala med Flora hamn slik den ligg føre, og ber om fullmakt til det.

Intensjonsavtala legg opp til at Flora hamn skal prosjektere ferdig og gjennomføre anbod på arbeidet. Når den nye Fugleskjærskai er ferdig prosjektert og alle kostnadskomponentar er avtalt er målet at partane kan skrive leigeavtale for ny kollektivterminal på Fugleskjærskai, og at Flora hamn kan bygge den.